



Til

Alver kommune  
Miljø og tilsyn  
v/ Madeleine Fonnes Aase

Gjenpart til:

Vår ref

Deres ref

Dato

7102019\_Svar\_brev08\_04\_20.docx

8.4.2020

## **RISNES GAMLE SKULE – GNR 19 BNR 5 (RADØY)**

**SAK: SVAR PÅ SPØRSMÅL I EPOST AV 7.4.2020**

Viser til telefonsamtale og epost av 7.4.2020.

Vi kom inn i denne saka etter at det meste av arbeidet var utført, og utført utan løvve.

Opprydding er krevande. Ein må ha klare grensesnitt, og ein må ha felles forståing av kva ansvar ein tar på seg.

Vi har påtatt oss KUT for arbeida som var ferdig utført før vi kom inn i saka. Slik KUT er ein visuell kontroll i ettertid etter beste evne, og så langt det er mogeleg utan å opna opp i konstruksjonar. Det ligg føre rapport frå kontrollar vi har gjort.

*Til punkta du spør om:*

### **1 GRENSESNIETTET PÅ PRO FOR ADU – ING. A. D. UTKILEN OG TAULE BYGG AS**

Taule Bygg AS har teikna og prosjektert heile tiltaket. Knytt til at det var usikkerhet om det stod igjen mindre planlegging av terrasse og utomhus, samt opplyst at arkitekturen ikkje var belagt med ansvar, vart det avtalt at vi tok på oss prosjektering av arkitekturen/utsjånad. I vårt brev av 12.11.2018 opplyste vi derfor dette om grensesnittet:

- Taule Bygg AS har ansvar for all byggeteknisk dimensjonering og val av material.
- ADU Ingeniør Atle D Utkilen – har ansvar for arkitekturen /utsjånad

Vi har sett over prosjektet og vi ser ikkje behov for prosjekteringstiltak utover det som Taule Bygg AS har utført. Dersom det er vanskeleg å forstå grensesnitt for PRO, vil vi anbefale at vi tar bort vårt ansvar, og lar alt liggja på PRO Taule Bygg AS.

I vedlagt revidert gjennomføringsplan ligg vi inne med PRO arkitektur.

### **2 DET ER TRONG FOR OPPDATERT GJENNOMFØRINGSPLAN**

Vi legg ved oppdatert gjennomføringsplan. Vi har her forsøkt å skilja mellom arbeid som er utført tidlegare og som er avslutta.



### **3 PRO OG UTF FOR VENTILASJON**

Prosjektering og utførelse av ventilasjonsarbeid var ferdigstilt før vi kom inn i saka (utført i perioden 2012-2015).

Denne søknaden omhandler ikkje nye tiltak med ventilasjon.

### **4 ARBEID SOM STÅR IGJEN**

Det einaste som står igjen å utføra av det omsøkte arbeidet er utvendig terrasse. Det er berre det ein har forsøkt å få løyve til å utføra.

Til orientering er det også planlagt å leggja om litt av avløpsrør/kloakk utvendig samt rydda i tunet/leikeplassen. Eigentleg ikkje søknadspliktige tiltak, men dei har vore nemdt i saka tidlegare. Vi har derfor ikkje sett kryss for avslutta i gjennomføringsplanen for Seim Bygg AS utvendig rørarbeid, og for Graving av VA, terrengarbeid for Entreprenør Bjørn Dale AS.

Vi vonar at dette er svar på spørsmåla.

Venleg helsing  
for



*Atle Utkilen*  
Dagleg leiar  
Tlf 97067161 / atle@adu.no